



Maren Huse Bjørnebøle, Rebecca Hølleland Hauge, Johannes Haugland og Kjartan Tungesvik eller bøssebruden

### Eit kjempegodt resultat!

Det er konklusjonen til soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen etter fasteaksjonen i bygda i ettermiddag, Den ga 14 984 til Kirkens Nødhjelp som denne gongen gjekk ut med appell om å gå saman for andre.

Møyfrid takkar på vegne av soknerådet dei 6 kjekke konfirmantane, foreldra og andre som var med og gjekk med bøssene og sist men ikkje minst alle gjevarane.



Tord Sæle var ein av dei 6

Sjølv om det var berre 6 konfirmatar klarte soknerådet å dekkja heile bygda med innsamlarar fordi dei supplerte med 7 foreldre og andre bygdefolk.

Og alle vart godt mottekne. Ingen var sure, opplysar fleire innsamlarar med eit ørlite unnatak: Ein av 13 som vart spurt på ei rute ville ikkje yta noko til føremålet.

Ellers er ikkje soknerådsleiaren så oppteke av å samanlikna årets resultat med tidlegare summer fordi noko av det viktigaste er at dei unge lærer kor viktig det er å hjelpa kvarandre og utvikla ei ekte dugnadsånd

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Marius Seim Myklebust under runden på Korsnes